



Saksdokumenter:

KM 13.0/22 Rekrutteringsstilling i Den norske kirke - Prest under utdanning

KM 13.1/22 Oppsummering av høringen om prest under utdanning, og Kirkerådets vurdering av høringssvarene

KM 13.2/22 Første innstilling: Rekrutteringsstilling i Den norske kirke - Prest under utdanning

KM 13.3/22 Andre innstilling: Rekrutteringsstilling i Den norske kirke - Prest under utdanning

Rekrutteringsstilling i Den norske kirke – Prest under utdanning

Endelig innstilling fra komité E

Sammendrag av saksorienteringen

Det har de siste årene vært et økende fokus på behovet for rekruttering til kirkelige stillinger. Over tid har det etablert seg en praksis i flere bispedømmer der man har tilbudt teologistudenter stillinger som menighetsprest samtidig som man studerer, fordi kirken har en økende utfordring med å få kvalifiserte søkere til ledige stillinger. I all hovedsak er det snakk om andrekarriere-studenter. Dette har blitt håndtert noe ulikt i bispedømmene, og det har vært knyttet flere utfordringer til en slik praksis. Under Kirkemøtet i november 2021 ble kvalifikasjonskrav for kirkelige stillinger behandlet (KM 24/21) og i Kirkemøtets vedtak framkom det at en slik ordning, kalt «prest under utdanning», forutsettes å komme på plass senest fra Kirkemøtet 2022.

Det legges opp til to alternative løsninger for opprettelse av “prest under utdanning”-stilling (PUU-stilling). Fortrinnsvis foreslås det at når en stilling som menighetsprest har vært utlyst uten at det har meldt seg kvalifiserte søkere, har bispedømmerådet mulighet til å omgjøre den konkrete, tidligere utlyste stillingen midlertidig til en PUU-stilling.

Alternativt kan det opprettes en prestevikar-stilling, ikke på basis av en tidligere utlyst stilling, men basert på et framtidig forventet bemanningsbehov. Det tilsettes i fast 100% stilling med visse betingelser bl.a. knyttet til fullføring av studiet og godkjenning for vigsling, samt bindingstid. I perioden fram til vigsling (tilsvarende studieperioden) gis det permisjon med lønn tilpasset studieprogresjonen for det enkelte semester etter en individuelt utarbeidet plan. Det legges opp til en gjennomsnittlig arbeidsmengde på 60 % av full stilling i studieperioden fram til vigsling, slik at betalt permisjon vil utgjøre 40% av full stilling.

Studieperioden er foreslått til 4 år, med en mulig forlengelse på 1 år. Dette for å sikre at ordningen har en oversiktlig tidshorison for både arbeidstaker og arbeidsgiver. Slik sett kan et masterløp e.l. inkorporeres i ordningen. Ordningen legger opp til en 2-årig bindingstid etter fullført studieløp.

Etter fullført studieløp og oppnådd vigsling, vil det for alternativ 1 innebære at stillingsinnehaver normalt vigsles til prestetjeneste på samme tjenestested og med samme vilkår som i den tidligere utlyste stillingen. For alternativ 2 vil stillingsinnehaver vigsles til tjeneste som prostiprest i samme prosti eller flere av bispedømmets prostier som har behov for økt prestedekning, og får da vilkår som

følger en slik stilling.

Forslaget medfører at det må gjøres endringer i tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for menighetsprester og personalreglement for Den norske kirke.

Kirkerådet vedtok på sitt møte i februar å sende forslag til ordning for prest under utdanning på høring. Høringssvarene viste stor oppslutning om opprettelse av prest under utdanning, og ga bred støtte til hovedtrekkene i ordningen slik den er foreslått. Kirkerådet vil likevel foreslå enkelte endringer i forslaget til ordningen lys av kommenterer fra høringen.

Komiteens merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn med følgjande merknadar:

1. Kyrkjemøtet 2021 handsama i sak KM 24/21 kvalifikasjonskrav for kyrkjelege stillingar, og gjorde vedtak om at ei ordning kalla «prest under utdanning», skulle kome på plass seinast frå Kyrkjemøtet 2022. Komiteen legg til grunn at denne saka, «Rekrutteringsstilling i Den norske kirke - Prest under utdanning», skildrar ei ordning som vil vere tenleg for å rekruttere fleire prestar til teneste i Den norske kyrkja. Kyrkerådet skal utarbeide ei rettleiing som gir rammer for oppretting av prest under utdanning-stillingar. Komiteen legg til grunn at denne rettleiinga vil etablere ordninga slik ho vert skildra i saksutgreiinga.
2. Forslaget til ordning for prest under utdanning legg opp til at den som vert tilsett av bispedømmerådet skal tilsetjast fast i stillinga. Der vil vere ein risiko for at den som vert tilsett ikkje fullfører studiane i samsvar med føresetnadane for ordninga, og at den tilsette derfor ikkje kan vigslast til presteteneste. Det kan også verte tilsett personar som etter ei tid viser seg å ikkje vere eigna til presteteneste. For å redusere risikoar ved tilsetjinga, vil det vere avgjerande at tilsetjingsprosessen sikrar at den som vert tilsett er eigna til presteteneste, og at vedkomande vil vere i stand til å fullføre studiane innanfor ordninga sine tidsrammer. I tilsetjingsprosessen må det gjerast grundige vurderingar av kandidaten, og om studieplanane er realistiske. Det vil dessutan vere avgjerande at den som vert tilsett er under biskopen sitt tilsyn, og får tett oppfølging frå prosten og biskopen, samt at dette vert gjort i nært samarbeid med lærestadane og lokale mentorar. Ordninga bør utformast på ein slik måte at den tilsette står under biskopen sitt tilsyn, på same måte som prestar som er vigsla til presteteneste.

Komiteen legg til grunn at alle som vert tilsette i prest under utdanning-ordninga skal delta i programmet Vegen til vigsling (VTV), og at dette gjeld sjølv om den tilsette tidlegare har vore med i liknande program.

3. Komiteen legg til grunn at profesjonsstudiet fram mot cand. theol.-grad framleis skal vere den primære vegen til presteteneste i Den norske kyrkja, jf. tenesteordning og kvalifikasjonskrav for kyrkjelydsprestar § 3 første ledd nr. 1. Derfor er prest under utdanning-ordninga utforma som eit supplement til normalløpet for profesjonsstudiet.

Hovudføremålet med prest under utdanning-ordninga er å rekruttere fleire søkjarar til prestestillingar i sokn og prosti. Det vil vere viktig for rekrutteringa

at søkjargrunnlaget er så breitt som mogeleg. Komiteen ber derfor Kyrkjerådet om å greie ut om studentar på profesjonsstudiet også kan tilsetjast i ordninga. Kyrkjerådet si rettleiing for ordninga kan utformast i samsvar med denne utgreiinga.

Utgreiinga kan vise at ordninga bør opnast for studentar på profesjonsstudiet. For å kunne opne for at studentar på profesjonsstudiet eventuelt skal kunne tilsetjast, vil komiteen gjere framlegg om at ordlyden i tenesteordning og kvalifikasjonskrav for kyrkjelydsprestar § 3 nytt tredje ledd vert endra, slik at i siste punktum vert ordet «videreutdanning» erstatta med ordet «utdanning».

4. Det er lagt fram forslag til ny § 18 fjerde ledd i personalreglement for Den norske kyrkja:

Før bispedømmerådet treffer vedtak om tilsetting av person som er vigslet til prest i et annet kirkesamfunn, skal biskopen etter samtale med søkeren ha funnet vedkommende skikket for prestedtjeneste i Den norske kirke og mottatt vedkommendes løfte om å utføre denne tjeneste i overensstemmelse med Den norske kirkes ordninger. Tilsvarende gjelder for personer som er innstilt til en prest under utdanning-stilling.

Komiteen legg til grunn at denne samtalen, og løfta som vert gjevne der, inneheld element frå vigsling til presteneste, utan at dette vert rekna som vigsling til presteneste etter tenesteordning for biskopar § 8.

5. Det er gjort framlegg om ei normalordning (alternativ 1) der den som vert tilsett i ei prest under utdanning-stilling i ei periode på to år gjer teneste som prest på ein eller fleire tenestestadar i 60 % av stillinga, og samstundes har betalt permisjon frå 40 % av stillinga for å gjennomføre studiar. Dette medfører at 40 % av stillinga må fyllast ved bruk av eksisterande presteressursar i prostiet eller ved tilføring av ekstra presteressurs til prostiet. Komiteen legg til grunn at hovudregelen er at prostiet skal tilførast ekstra presteressurs tilsvarende 40 % prestestilling.

Stillingane som vert omfatta av prest under utdanning-ordninga vert i utgangspunktet finansierte over bispedømmeråda sine ordinære budsjett. Det bør etablerast ei ordning der bispedømmeråda kan søkje Kyrkjerådet om midlar til dekking av ekstra kostnader ved permisjonar og til studiestøtte.

6. Komiteen ser at ikkje alle som vert tilsett under ordninga treng 40 % permisjon til studiar i 4 år, for eksempel fordi dei tidlegare er vigsle til anna kyrkjeleg teneste. Det kan unntaksvis inngåast avtalar om kortare studieperiode eller med ein lågare prosent for permisjonen.
7. Komiteen gjer framlegg om at ordet «lære» vert sett inn i første setning i forslaget til ny § 18 fjerde ledd, slik at setninga får følgjande ordlyd:

Før bispedømmerådet treffer vedtak om tilsetting av person som er vigslet til prest i et annet kirkesamfunn, skal biskopen etter samtale med søkeren ha funnet vedkommende skikket for prestedtjeneste i Den norske kirke og mottatt vedkommendes løfte om å utføre denne tjeneste i overensstemmelse med Den norske kirkes lære og ordninger.

8. Komiteen legg til grunn at ordninga får ei tidsavgrensing, og vil be om at Kyrkerådet legg til rette for ei følge-evaluering.

Forslag til vedtak

1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41
42
43
44

I

Kirkemøtet oppretter ordningen *prest under utdanning* og gir Kirkerådet fullmakt til å utarbeide en veiledning som angir rammebetingelser for opprettelse av *prest under utdanning-stillinger*.

II

I tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester gjøres følgende endringer:

§ 3 nytt tredje ledd skal lyde:

Dersom det ikke melder seg søkere som oppfyller kvalifikasjonskravene til prest, kan bispedømmerådet midlertidig omgjøre stillingen til en stilling som prest under utdanning. Alternativt kan bispedømmerådet opprette stilling som prest under utdanning når en 4-årig fremskrivning av rekrutteringsbehovet ansees som kritisk. Et vilkår for slik tilsetning er at vedkommende og inngår en avtale med arbeidsgiver om utdanning for å kvalifisere seg for vigsling.

§ 5 nytt tredje punktum skal lyde:

For person i prest under utdanning-stilling gjelder kravet om vigsling fra det tidspunkt utdanningen er fullført.

III

I personalreglement for Den norske kirke gjøres følgende endringer:

§ 18 nytt andre ledd skal lyde:

Personer som blir tilsatt i en prest under utdanning-stilling, er unntatt fra kravet om vigsling frem til utdanningen er fullført.

Nåværende § 18 andre ledd blir nytt tredje ledd.

§ 18 nytt fjerde ledd skal lyde:

Før bispedømmerådet treffer vedtak om tilsetning av person som er vigslet til prest i et annet kirkesamfunn, skal biskopen etter samtale med søkeren ha funnet vedkommende skikket for preste-tjeneste i Den norske kirke og mottatt vedkommendes løfte om å utføre denne tjeneste i overensstemmelse med Den norske kirkes lære og ordninger. Tilsvarende gjelder for personer som er innstilt til en prest under utdanning-stilling.

IV

Endringene trer i kraft straks.

komitéleder

saksordfører